



Vaksinasjon mot covid-19 i Bykle

Vaksinasjon er vegen ut av denne pandemien og vi er svært glade for at befolkninga viser stor interesse for vaksine.

I Bykle har alle over 65 år, kritisk helsepersonell og personar i risikogrupper fått tilbod om fyrste dose. Det vil seia at vi no vaksinerer frisk befolkning. Første gruppa er 55-64 år, deretter 45-54 år. Så vil personer som er 40-44 år vaksineres samtidig med dei som er 18-24 år. Til slutt vert personar i aldersgruppa 25-39 år vaksinert. Vi håper og trur at alle skal ha fått tilbod om vaksine innan utgangen av august. Førrebels blir det gjeve tilbod om vaksine ned til 18 år, men det blir vurdert av myndighetene om alle over 12 år skal få tilbod om vaksina. Meir informasjon om dette følgjer når vi har det. Vaksina er gratis. Slik retningslinjene er no, skal frisk befolkning under 65 år få andre dose 12 veker etter første. Du vil òg bli innkalla til denne.

I Bykle og Valle har vi berre motteke vaksina til Pfizer (Corminaty/Biontech er andre nemningar på denne vaksinen) og vi har førrebels ikkje fått signal om at vi vil motta andre vaksiner. Dersom du får tilbod om annan vaksine, vil det framkomma tydeleg.

Du vil få ein privat sms når det er din tur til å få vaksine. Ein må forvente at vaksinasjonen skal føregå gjennom sommaren og vi forventer store leveringar i juli. Det er difor svært viktig at ein ikkje lager planar for sommaren som ikkje kan flyttast ved behov. Det er primært torsdag som vil vere vaksinasjonsdag, men dersom vi får svært store leveransar, vil det òg kunne bli aktuelt å vaksinere andre dagar.


Frå **torsdag 3. juni 2021** vil vaksinasjonen føregå på Bykle samfunnshus for både Valle og Bykle. Dette gjeld både for dei som skal få andregongsvaksine og førstegongsvaksine. Innkallinga kjem ca ei veke før på SMS. Det er svært viktig at du kontaktar legekantoret dersom du ikkje kan møta på oppsett tidspunkt eller at du ikkje ynskjer vaksine. Kontakt kommunen dersom du treng transport.

Ikkje møt opp og gje oss raskt beskjed dersom du:

- På vaksinasjonsdagen har symptom på forkjølelse eller feber over 38 °C
- Venter på test svar, er i karantene eller isolasjon grunna koronasjukdom
- Har gjennomgått koronasjukdom for mindre enn 3 månader sidan
- Har vorte vaksinert med annan vaksine i løpet av siste 7 dagar
- Er gravid utan å tilhøyra risikogruppe for alvorleg koronasjukdom

Møt på angitt tidspunkt, ikkje tidlegare. Ta med munnbind. Parker på tilvist plass og følg pilene gjennom samfunnshuset. Sprit hendene godt og følg alle instruksjonar.

Grønt område er parkering og det er også høve til å parkere ved rådhuset. Raud pil er inngang og blå pil er utgang.



Det er viktig at du går gjennom følgjande spørsmål på førehand og at du ringer legekantoret dersom nokon av punkta gjeld for deg:

- Har du hatt allergisk reaksjon på denne vaksinen eller innhaldsstoffa tidlegare?
- Har du tidlegare hatt alvorleg (livstruande) allergisk reaksjon på andre vaksinar, mat, medisinar eller anna?
- Har du på grunn av astma i løpet av det siste året fått minst 2 kortisonkurer eller vore innlagt i sjukehus?
- Har du mastcellesykdom?
- Har du auka blødningstendens?
- Har du kraftig redusert immunforsvar?

Spørsmål om vaksinasjon kan rettast til kommuneoverlegen på:
benedicte.severinsen@bykle.kommune.no